

# Bilirubin i serum, konjugert

## Bakgrunn

Bilirubin er eit nedbrytingsprodukt av hem, som er ein viktig komponent i hemoglobin, myoglobin og diverse enzym. s-bilirubin, total, består av tre hovudfraksjonar;

- ukonjugert bilirubin (er uløseleg i vatn og blir teke opp i levercellene)
- konjugert bilirubin (er løseleg i vatn og kjem over i tarmen via gallen, der bakteriar omdannar den vidare)
- deltabilirubin (vert danna ved langvarig, konjugert hyperbilirubinemi)

## Indikasjonar

Utgreiing av pasientar med kjent, auka bilirubinkonsentrasjon.

## Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsatt gel eller rør utan tilsetting.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

## Referanseområde

< 9  $\mu\text{mol/L}$

## Tolkingar

Høge verdiar ved lever- og gallesjukdommar.

**Biologisk variasjon:** Intraindividuell biologisk variasjon: 36,8 %

**Feilkjelder:** Prøvematerialet bør vernast mot lys. Unngå hemolyse.